

REFERAT

MØTE I SAMARBEIDSUTVALET FOR NORDHORDLAND

Dato: 23.05.2014
Tid: Kl. 13.00 – 15.30
Stad: Møterom, 1.etg Nordhordland legevakt
Møteleiar: Tord Molsumyr
Til stades: Tord Molsumyr, Odd Ivar Øvregård, Kim Sperstad, Kjerstin Fyllingen, Johan Sandal, Hildegunn Bjånes, Marit Steinseth, Geir Lien, Tonhild Ringås Olsen, Øystein Moldekleiv, Åse Therese Nordstrønen, Anne Sissel Faugstad og Anne Hildegunn Færøy
Bente Bø Taule og Cathrine Bjorvatn var til stades under sak 19/14.
Ikkje møtt: Knut Mo, Marit Voltersvik, Ernst Horgen, Peter Kubon

Nr.	Innhald	Sakstype Vedtak/ Drøfting/ Orientering
9/14	<p>Godkjenning av innkalling og saksliste</p> <p><u>VEDTAK:</u> - godkjent utan merknader</p>	V
10/14	<p>Godkjenning av referat fra utvalsmøte 17.02.14</p> <p>Merknader til oppfølging av saker i referat:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Sak 5/14 – Orientering om avtalt videre oppfølging av dialogmøte mellom Administrativt kontaktmøte, Høgskolene og Universitetet i Bergen</i> - med fokus på korleis ein kan oppnå tettare samarbeid om forsking og kompetanseutvikling. Det er ikkje sendt inn søknad om midlar til dette arbeidet slik det er vist til i referatet. Samarbeidsutvalet for Nordhordland ber Sse drøfte og vurdere korleis ein kan arbeide vidare med dette temaet og oppfølging av mellom annan tenesteavtale 6 og 7. - <i>Sak 8/14 – Evt. – første sak.</i> Status for meldingsutveksling mellom HSD og kommunane: <ul style="list-style-type: none"> o Det er starta pilot mellom to poster på sjukehuset og Bergen kommune, og vidare med Lindås kommune i oktober. o Meldingsutvekslinga blir tatt i bruk i resten av organisasjonen og mot alle kommunane i deira lokalsjukhusområdet når pilot er gjennomført. <p><u>VEDTAK:</u> - Godkjent</p>	V
11/14	<p>Gjennomgang av avtaleverket</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det var gjort greie for saksframlegg, bakgrunn for dette og tilrådingar frå SSE når det gjeld prioriterting av kva avtalar SU skal ha til gjennomgang i 2014. - Det vart stilt spørsmål ved korleis avtalane blir etterfylgt og kva erfaring partane har med bruken av dei. - Det vert peika på at; 	V

	<ul style="list-style-type: none"> ○ samarbeidssekretariatet(SSE) har ei viktig rolle i dette arbeidet og at dei er sentral i etterleving og oppfølging av avtalane. ○ dei ulike representantane i utvalet må etterspørje i eigne kommunar og sjukehus om korleis avtalane vert fylgt opp og korleis arbeidet med dei er etterlevd. ○ det er viktig å ta seg tid til gjennomgang og vurdere etterlevinga før ein sett i gang med revisjonsarbeid. <p>- Utvalet stiller spørsmål ved om dei faglege underutvala bør få i oppdrag å ha gjennomgang av avtalane på sin agenda, og komme med uttale i forkant av samarbeidsutvala sin gjennomgang. Det kan vere nyttig å sjå til Voss/Hardanger utvalet som har lang tradisjon for å arbeida på denne måten.</p>	
	<p>VEDTAK:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tek saka til orientering og sluttar seg til forslag om avtalegjennomgang for 2014.</p> <p>SU Nordhordland ber SSE legge opp til prosess der dei faglege underutvala får i oppdrag å ha ein gjennomgang og komme med innspel til dei aktuelle avtalane i forkant av SU sin gjennomgang av avtalane.</p>	
12/14	<p>Gjennomgang av Tenesteavtale 10 (jfr. sak 11/14)</p> <p>-med fokus på tilbodet til barn og unge,</p> <p>I samband med samarbeidsutvala sin gjennomgang av tenesteavtalane er <i>Tenesteavtale 10 - Samarbeid om førebygging mellom Helse Bergen HF, Haraldsplass og dei 22 kommunane i sjukehusområdet</i> sett på dagsorden for gjennomgang og drøfting. Avtale saman med notat frå Helse Bergen, med tittlen; <i>Vidareutvikle tenestetilbodet / folkehelsetilbodet til barn og unge</i> er lagt ved i saka.</p> <p>I møtet gav representantane ei orientering om korleis kommunar og sjukehus satsar på førebyggande, helsefremjande arbeid og tidleg intervensjon – særleg retta mot barn og unge.</p> <p>Orientering frå kommunane sitt arbeid med folkehelse, førebygging og helsefremjande arbeid:</p> <p><u>Meland</u> meiner der er mykje å kommentere i sjølve avtalen som er nokså brei. Når det gjeld området – barn og unge, så er Meland kommune dårlig på førebyggande arbeidet retta mot barn og unge, mykje grunna ressursproblem, særleg då mangel på fagressursar. Det er vanskeleg å prioritere – både kva og korleis. Det er problematisk å ta på seg nye oppgåver. Det vert peika på at når det gjeld samarbeid med føretaket så kan kommunane bli betre på å samarbeide med BUP. Særleg er det trøng for å koordinere og avklare ansvarsdelinga mellom 1. og 2. linetenesta.</p> <p>Meland har stor auke i skuleelevar. Dette er utfordrande ifht fordeling av ressursane.</p> <p><u>Osterøy</u> har gjennomført ei omorganisering av tenester til barn og unge. Dette har ført til bedre koordinering av tenestene. Satsing på tidleg intervensjon er forankra politisk, og tiltak er særleg retta mot helsestasjon og barnehagar med fokus på førebygging. Kommunen har tilsett kommunepsykolog og</p>	D

	<p>folkehelsekoordinator som er organisert i samfunnsmedisinsk einig. Dette gir betre koordinering av alle tenester. Vidare så har Osterøy tatt i bruk SamPro(elektronisk IP). Dette er eit godt samarbeids- og koordineringsverktøy, som sett brukarane og deira behov i fokus.</p> <p><u>Masfjorden</u> – Er i gang med utarbeidning av oppvekstplan og helseplan. Ressurs er på plass for å få til betre koordinering mellom tenesteområda i kommunen. Det er retta eit særleg ønske om å samarbeide med barnevernet i det førebyggande arbeidet. Kommunen er med i MOT prosjekt, og samarbeider med Gulen og Solund innan PPT. Dette er også ein viktig del av arbeidet retta mot barn og unge.</p> <p><u>Radøy</u> har utvikla og tatt i bruk «La linea» – eit kvalitetssystem der det er lagt vekt på at ein skal ha ei kunnskapsbasert tilnærming, med fokus på tidlig intervension hos dei ulike instansane som tilbyr tenester til barn og unge. ”La linea”, er opphavleg eit kvalitetssystem for oppvekstsektoren. Radøy samarbeider med Lindås kommune om prosjektet De utrolige årene(DUÅ) – babyprogrammet. Folkehelseperspektivet er tatt inn i planprosessar, og arbeidd med i heile organisasjonen. Det er viktig å sikra at planane blir operative verktøy for heile organisasjonen. Organisering og rollefordeling står sentralt i arbeidet i heile kommunen.</p> <p>Det vert vist til notatet - <i>Vidareutvikle tenestetilbodet / folkehelsetilbodet til barn og unge</i>, og peika på at vi har kunnskap om korleis utviklinga går og at vi veit kva som påverkar barns utvikling. I det vidare arbeidet er det viktig at vi sett i verk tiltak som vi veit nyttar og det må stillast spørsmål ved korleis vi kan bruke det vi har av kunnskap og møteplassar. Vi må bli betre på forløp, og vi må samlast for å sikre at tiltak retta mot barn og unge blir betre. Frå Helse Bergen si side er det venta at Helsehuset kan bli ein arena for tettare og betre samarbeid mellom kommune - og spesialisthelsetenesta.</p> <p>Frå HDS blir det presiserert at dei har lite å bidra med når det gjeld tiltak retta mot barn og unge, men når ein ser på del to av Tenesteavtale 10, så er den retta mot aldersgruppa 65+. HDS ønskjer å bidra i dette arbeidet. Dei har god kompetanse innan geriatri, og kan bidra med førebyggande tiltak og kompetanseutvikling innan dette feltet.</p> <p>Anne Berit Kolås stiller spørsmål til korleis ein kan bruke Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunane, særleg for å sjå på pkt 6.4.1 i avtalen.</p> <p>Anne Sissel Faugstad presiserer at det er mange tiltak som er beskrive i avtalen. Vi må bli tydlegare på korleis vi arbeider med tiltaka og kva er status for oppfølging. Bør det utarbeidast ei oversikt som viser tiltak og kva som er gjort?</p> <p>KONKLUSJON: Nyttig gjennomgang og orientering om partane sitt arbeid med førebygging, då særleg retta mot barn og unge. SU Nordhordland ber om at Sse samlar innspel frå drøftingar i dei ulike utvala og legg det til grunn for vidare oppfølging av denne avtalen.</p>	
--	--	--

13/14	<p>Nasjonale mål og strategiar</p> <ul style="list-style-type: none"> - forslag om oppfølgingspunkt i Handlingsplan 2015. <p>Det vart gjort greie for SSE si vurdering av kva satsingsområder/aktivitetar det er tilrådd å samarbeida om for å fylgja opp rundskriv IS-1/2014 – <i>Nasjonale mål og prioriterte område</i>, og som bør takast inn i Handlingsplan for 2015. Fokusområda SSE har trekt fram frå rundskrivet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vidareutvikla samarbeidsavtalane - Samarbeid om innføring av nytt nødnett - Samarbeid om beredskapsøvelsar - Samarbeid om ambulerande tenester og andre samhandlingstiltak - At kommunane tek i bruk tiltakspakkane i pasientsikkerhetsprogrammet tilsvarande som i sjukehuset - Samarbeid om kompetanse- og rekrutteringsplanar i kommunane - Styrkja samarbeidet innan psykisk helse og rus <p>VEDTAK:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tilrår at følgjande aktivitetar/satsingsområde frå rundskriv IS-1/2014 vert prioritert i planarbeidet for 2015:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Styrkja samarbeidet innan psykisk helse og rus 2. Samarbeid om ambulerande tenester og andre samhandlingstiltak 3. Naudnett 4. Beredskapsøvingar 	V
14/14	<p>DPS-råda knytt opp mot samarbeidsstrukturen</p> <p>Utvalet har fått førelagt saksframlegg der SSE føreslår at DPS-råda vert innpassa i samarbeidsstrukturen som underutval til Samarbeidsutvala.</p> <p>VEDTAK:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til at DPS råda blir ein del av samarbeidsstrukturen som underutval for samarbeidsutvala, slik det er vist til i saksframlegg.</p>	V
15/14	<p>Prosjekt Innleggingsentralen</p> <p>Utvalet fekk kort orientering om prosjektet og bakgrunn for tilråding om etablering av arbeidsgruppe slik det er framstilt i saksframlegg.</p> <p>VEDTAK:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til at det vert utpeika ein kommunal representant til ei tverrfagleg arbeidsgruppe samansett av representantar frå sjukehus, kommunar og brukarar.</p> <p>SU Nordhordland vil ha ei tilføyning i arbeidsgruppa sine oppgåver; Arbeidsgruppa skal vurdere og komme med innspel til rapporten og dei tilrådingar som har betyding både for sjukehus og kommunar.</p>	V
16/14	<p>Referat frå fellesmøte Medisinsk fagleg utval og IKT samhandlingsutval</p> <ul style="list-style-type: none"> - Saka er utsett til neste møte 	O
17/14	<p>Brev frå underutvala til NUIT - prioritering av elektroniske fødemeldingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Orienteringa er utsett til neste møte 	O
18/14	<p>Presentasjon av Akuttmottak prosjektet v/HDS</p> <ul style="list-style-type: none"> - Saka er utsett til neste møte 	O

19/14	<p>Presentasjon av LMS nettverket sitt arbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> - sak til handsaming om vidareføring av nettverk LMS <p>Bente Bø Taule og Cathrine Bjorvatn presenterte Lærings- og mestrings - nettverket sitt arbeid, kva ein kan få til vidare og tankar rundt etablering av kurs i Nordhordlandskommunane. (PP vedlagt i e-post)</p> <p>Det vert mellom anna peika på at LMS kurs i kommunane må bli meir diagnoseoverbyggande og rettast mot korleis ein kan mestre kronisk sjukdom.</p> <p>Det vart orientert om planar for samarbeid om etablering av fleire konkrete pasientretta kurs og kurs for helsepersonell når det gjeld helsepedagogikk.</p> <p>VEDTAK:</p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland er positiv til vidareføring av nettverket og tilrår at kommunane i Nordhordland deltar for å vidareføre LMS nettverket.</p>	V
20/14	<p>Forprosjekt LKT (Langvarig Koordinerte Tenester)</p> <p>Vedtakssak i Bergensregionen.</p> <p>Orienteringssak i dei andre samarbeidsutvala</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utsett til neste utvalsmøte 	O
21/14	<p>Orientering frå Samarbeidssekretariatet om status for oppfølging av tidlegare og aktuelle saker m.v.</p> <ul style="list-style-type: none"> - ikkje tatt 	O
22/14	<p>Gjensidig orientering frå partane om pågåande eller planlagde prosessar, samarbeidstiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> - ikkje tatt 	O
23/14	<p>Evt.</p> <p>Anne Sissel Faugstad viser til Samarbeidsrådet for Hardanger/Voss sine rutinar for gjennomgang av referat frå underutval. Dette utvalet startar møta med gjennomgang av referat. Det vert tilrådt at også SU Nordhordland vurderer ei slik løysing for gjennom gang av referat i starten av møta.</p> <p>Øystein Moldeklev stilte spørsmål om IKT løysingar og kvifor det ikkje er ei sterkare satsing på IKT innan helsesektoren. Det blir vist til ei orientering som Brukarutvalet ved HDS har fått om dette temaet og ei nasjonal løysing som verkar god. Det er noko usikker kva løysing det er referert til – om det kan vere meldingsløftet eller satsinga på <i>En innbygger – en journal</i>. Kjerstin Fyllingen skal undersøke dette og kjem tilbake med ei avklaring ifht kva som har komme fram i møtet som det er referert til.</p>	

